



Sjur Eide
Tertnesflaten 47
5114 TERTNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5870 - 14/18336

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
14.08.2014

Gbnr 234/5 Førebels svar på søknad om deling av areal til bustad.

Syner til søknad frå dykk om løyve til å dele frå eit areal som skal nyttast til bustadføre mål i samsvar med gjeldande arealplan. Søknaden er motteke i kommunen 11.07.2014 og i mellomtid har det vore sommarferie. Difor kjem dette førebels svaret først no.

Søknaden gjeld areal sett av til bustad B2 og B3 på Osteriedet.

I dei generelle føresegnene for kommuneplanen pkt.1.2 heiter det at B2 og B3 må inngå i områderegulering før detaljregulering kan finne stad.

For alle områder som er sett av til bygg og anlegg må det ligge føre reguleringplan før tiltak etter plan- og bygningslova §20-1 (deling) kan finne stad.

Det ser såleis ut til at søknad om deling ikkje kan handsamast før områderegulering er gjennomført. Etter samtale med leiar for planavdelinga, ser det ut til at denne prosessen berre så vidt er starta opp.

Du får med dette melding om at spørsmålet om deling slik du har søkt om, ikkje vil verte teke opp til handsaming før prosessen med områderegulering er komme godt i gang. Søknaden din vert sett på vent så lenge.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:
Sjur Eide

Tertnesflaten 47 5114

TERTNES